



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 24.11.2016
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

Til stades:

Anne-Inger Lunner, Halvor Kåsin, Anlaug Jorunn Bergan, Jarl Olav Rugtveit, Anne Marie Etholm, Målfrid Nygård Laskemoen, Rune Nilsen, Lars Roe, Geir Valle.

Meldt forfall:

Johannes Sand, Tora Skjerkholt Aarnes.

Saker

Sak 000031 Møteplan 2017

Neste semester er planen at DU og soknerådsmøte blir same dag, hhv kl 18 og 19. Det blei fastsett desse datoane; onsdag 25/1, onsdag 15/2, torsdag 9/3 (soknemøte/årsmøte), onsdag 29/3, torsdag 11/5, torsdag 15/6.

Sak 000032 Evalueringsrapport "Ønsket og elsket" (konf. arbeidet)

Rapporten er sendt ut med innkallinga. Soknepresten orienterte om innhaldet, som visar at konfirmantane er godt fornøgd med opplegget.

Sak 000033 Rapport frå utvalga

Det blei gitt ei kort orientering frå ei ulike underutvala til soknerådet; trusopplæring -, diakoni -, Viljandi -, gudsteneste- og misjonsutvalet.

Sak 000034 Formannskapet si synfaring i Sauherad kirke

Leiar fortalde at formannskapet var på synfaring i Sauherad kirke den 21. nov. Som eit resultat av dette har dei foreslått å løyve 200.000 kr ekstra til vedlikehald neste år.

Sak 032/16 Val av leiar og nestleiar for 2017

Iflg «Regler og formene for menighetsrådets – og kirkelig fellestråds virksomhet» § 1 i skal soknerådet kvart år velje leiar og nestleiar blant sine medlemar.

Forslag til vedtak:

Saka leggest fram utan forslag til vedtak.

Møtebehandling:

Vedtak:

Lillil Bergan blei gjenvalt som nestleiar og Jarl Olav Rugtveit som leiar.

Sak 033/16 Offerliste 2017

Ei av oppgåvene som ligg til soknerådet er å avgjere om det skal takast opp offer eller innsamlingar i kyrkja,



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

og forvalte dei midla som blir samla inn (§ 9 i kyrkjelova).

Det blir samla inn offer på i overkant av 50 gudstenester i løpet av eit år, og gjennomsnittsofferet er på om lag 4.000 kr.

Dei seinare åra (dvs frå 2013perioden 201) har rundt 30 % av innsamla offer gått til arbeid i kyrkjelyden vå (da er offer til Nes menighetshus medrekna). I I perioden 2010-12 blei om lag 40 % av det som vart samla inn, igjen her.

Resten, altså 60-70 % blir sendt vidare til andre organisasjonar og formål; Kirkens Nødhjelp, Kirkens SOS, Normisjon, venskapsmenigheten i Viljandi og konfirmantenes solidaritetsaksjon er døme på faste mottakarar av offer. (Sjå vedlagt tabell for detaljert oversikt over kven som har fått kor mange offer sidan 2010).

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek den framlagte offerlista for 2017.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet vedtek den framlagte offerlista for 2017, med flg endring;

Apple Aid blir tilført eitt offer og Agder og Telemark bispedøme får eitt (ikkje to).

Sak 034/16 Kyrkjeleg fellesråd og kommunesamanslåing

Vedlagt ligg forslag til eit brev til Bø og Sauherad kommune. Brevet er meint som eit innspel til kommunane i prosessen for kommunesamanslåing. Kyrkjeverja i Bø og Sauherad har saman med tillitsvalte vore på kurs i regi av KA for å førebu samanslåing av kyrkjeleg fellesråd. Denne prosessen bør starte i nær framtid, og kyrkja ber i brevet om sin del av omstillingstilskotet som kommunen får frå staten.

Kyrkjeverjene i Bø og Sauherad foreslår at kyrkjeverje, tillitsvalte og soknerådsleiar frå Bø og Sauherad møtast før jul for å førebu ei sak for sokneråda på nyåret. Forslag til møtedato er 6.desember klokka 13.00 på menighetshuset på Gvarv.

Forslag til vedtak:

Soknerådet stiller seg bak brevet til Bø og Sauherad kommunar, og ber kyrkjeverje, soknerådsleiar og tillitsvalt førebu ei sak om oppstart av samanslåingsprosess med Sauherad

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet stiller seg bak brevet til Bø og Sauherad kommunar, og ber kyrkjeverje, soknerådsleiar og tillitsvalt førebu ei sak om oppstart av samanslåingsprosess med Bø.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond M. Haugen
kyrkjeverje